



140 på ei scene var eit imponerende syn

Kulturskulerektor Rolf Lothe var stolt og glad over at det han opplevde i Kulturhuset på Husnes i ettermiddag er ein del av hans daglege virke. Det hadde han i høgste grad grunn til, for dei er ei mektig og inspirerende oppleving å sjå 140 unge danseelevar boltra seg på ei scene. Framsyninga sette punktum for skuleåret og for danselærer Siri Petersens 2 år i Kvinnherad. Ho må ha gjort ein god jobb.



[Saima Kristine Lomheim Døsland \(8\) fra Uskedalen](#) var med

Med seg i opplegget av denne framsyninga, som gjekk to gongar i dag, hadde ho hatt Koshi Sabuneti som no har rykka inn i full stilling. Dei fekk sterk applaus av imponerte foreldre som fekk sjå sine håpefulle utfalda seg både i klassisk, jazz, hiphop og moderne. Men innslaget av gitar kunne ha vore større.



Kristian Klette Hansen (9) og Viljar Simones Tveit (9) frå Uskedalen var med

Det var 20 nummer med gruppering etter alder og nivå.

Fargar var som tittelen antyder tråden i framsyninga denne gongen og samtlige låtar hadde ein farge i tittelen, frå Jeg vil ha en blå ballong til The Pink Panther Theme for å ta fram to av dei mest kjende. Utan å freista på nokon rangering hadde dansen til Bryllupsdag på Trollhaugen ei festleg kostymering. Og det var positivt å merka seg at to gutar frå Uskedalen var blant dei 6 gutane som dansa til Smack you up. No får vi berre håpa at lærarproblemet ordnar seg slik at vi får fleire slike opplevingar. Kwart år ønskjer 180 danseundervisning i vår kommune og det er sanneleg imponerende.

Eit hyggjeleg innslag sett frå Uskedalen var det at Marit Inga Traavik Sture fekk diplom for sine 9 år i kulturskulen og vart hylla av rektor

for at ho er så allsidig.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Marit Inga Traavik Sture frå Uskedalen fekk diplom av rektor for 9 år i kulturskulen